

Vossajazzen og påskelammet

Under Badnajazzen i Vossasalen søndag vart norske folketonar lagt oppå asiatiske folketonar om lammet – og «bæ-en» er tydeleg universell.

Vesle **Tiril frå Bulken** skule rei på lammet, og «Fargespill – fleire fargar på Voss» synte seg som eitt av dei verkeleg store høgdepunkta under årets Vossa Jazz.

Side 14-17 og siste

Dramaet på Nesheimsfjellet

EKSINGEDALEN: Petra «Pet» Karlsen frå Bergen kjem aldri til å gløyma påsken for 50 år sidan. Påskeleiren på Brakestad i Eksingedalen enda i eit mare-ritt, med brote lærbein og ein sjuketransport som tok 17 timar.

Side 10 og 11.

Hoppa bakken ned og datt

BAVALLEN: Stian Tillung vart det den lokale helten då han vann B-klassen i begge hopprenna under avsluttinga av noregs-cupen. Tillung strekte lengste hoppet sitt to meter forbi bakkerekorden, men klarte ikkje å halda seg på beina. Side 18



FOTO: VIDAR HERRE

Menytilbod måndag - onsdag!

Lammelår Tilbud
M/mørbrad og knoke.
Pr kg
79⁹⁰

Reker Tilbud
Reimes, 500 g.
Reinska (99,80/kg)
49⁹⁰

Foto: Mediateam
Me tek atterhald om eventuelle trykkfeil og prisjusteringar

Jordbær Tilbud
400 g, Portugal,
Bendit. Pr. beger.
(69,75/kg)
27⁹⁰

Foto: Mediateam

Sjokoladeplater Tilbud
200 g, Helnøtt, melkesjokolade, fruktnøtt og firklover. Freia. (89,50/kg)
17⁹⁰
Pr stk.

Foto: Mediateam

Fersk laksefilet Tilbud
Pr kg.
79⁹⁰

Foto: Eksportutvalget for fisk

Smågodt
Lausvekt. (79,00/kg)
Pr hg.
7⁹⁰

Foto: Mediateam

Nyskoren roastbiff Tilbud
Frå vår delikatessedisk.
(149,00/kg) Pr hg.
14⁹⁰

Foto: Mediateam



Frihet til å velge

Badn jazz-prisen 2009 til Frelsesarmeen

PRIS: Frelsesarmeen på Voss, ved Gospel Kidz leia av Anne Grethe og Ørjan Amland, vart tildelt Badn jazz-prisen 2009 i førekant av Badn jazz-konserten i Vossasalen søndag føremiddag. Festivalsjef Trude Storheim delte sjølv ut prisen og ho grunn gav prisutdelinga med at Frelsesarmeen på Voss maktar å skapa ein heilt unik musikalsk møteplass for born og foreldre på Voss. Ektepåret Amland var sjølv vekkreste, men Iril Schau Johansen gjekk på scena for å ta i mot prisen på vegne av Frelsesarmeen. Schau Johansen er sjølv leiar i ei av musikk-gruppene. – Det er viktig for Anne Grethe og Ørjan å utgjera ein skilnad der dei er og yta noko godt til lokalsamfunnet. Me er kjempelydige som har fått desse to hit til Voss, sa ho.

Ung jazz-pris til Smiletones

VOSS: Børge Styve, Anders Fretheim, Tarjei Kjerland Lienig og Håvard Havro Bjørnstad er unge musikarar i bandet Smiletones. Søndag fekk dei UNGjazz-prisen til Vossa Jazz. Dette er ein heilt ny pris, og ein del av jazzfestivalen si ungdomssatsing. Prisen på 10.000 kroner, vart overrekket av Steinar Hjørnevik, representant for Voss Jazz laug. Juryen la vekt på at Smiletones har vore med i UNGjazz sidan starten, at bandet har utvikla seg og har musikalske kvalitetar som gjer dei til inspirasjonskjelde for andre ungdomar. – Dette var veldig overraskande. Me visste ikkje eingong at prisen eksisterte, sa ein glad Børge Styve då han mottok prisen.



FARGESPEL: «Fargespill – fleire fargar på Voss» var ein eksplosjon av nettopp fargar, rytme og musikalitet.

Elefant og fargeeksplosjon

Årets Badn jazz var ein suksess frå start til slutt – og Vossa Jazz si storsatsing på dei yngste gjer festivalen heilt unik og kanskje viktigare enn nokon gong.

Laurdag skipa Mads Berven, Ola Høyer og Kåre Opheim til skikkeleg rockestemming på Mølstertunet. I

strålende vårsol strøymde det på med publikum i alle aldrar, og borna (og dei vaksne) let seg riva med under konserten «No får det vera Rock!» som er sett saman av klassiske rockelåtar sett om til klingande bergensk, med innslag av skikkeleg amerikansk swing gjennom den omsette «De tre små fisk» – som alltid går rett heim hjå dei minste.

ELEFANTAR OG LUFTGITAR. Dei tre glade rockarane innleidde konserten med å seia at alt er lov på rockekonsert – og det tok ikkje lange stunda før rockeføtene sat lause, luftgitarane kom fram og det var fritt fram for knipsing, klapping og rumpevriking. Og bassist Ola Høyer makta til og med mana fram to elefantar litt ut i konserten.

At samarbeidet mellom Vossa Jazz

og Voss Folkemuseum må halda fram, er sikkert. Å leggja eine Badn jazz-konserten ute i det fri i desse flotte omgjevnadane, gjev det heile ein ekstra verdi. Og når borna også får tilbod om diverse aktivitetar på tunet i samband med konserten, så blir det noko heile familien kan ta del i.

FARGESPRAKANDE LIVSGLEDE.

Søndag føremiddag var det så tid for «Fargespill – fleire fargar på Voss» i Vossasalen. Konserten, som er eit fleirkulturelt kunstnarleg prosjekt der born og unge frå ulike land medverkar, er ei vidareføring av «Fargespill» som debuterte under Festspillene i Bergen i 2004. Konserten har sidan blitt sett av

Vossa Jazz-prisen til Kjetil Møster

VOSSA JAZZ: Barytonsaksofonisten Kjetil Møster vart 25.000 kroner rikare laurdag kveld. Han let seg lura til Voss og Vossa Jazz av musikarkompisane i Real Ones. Og han forstod heller ikkje teikninga då dei gjekk hardt på for å få han til å gå på tingingskonserten. Endå mindre fatta han då det synte seg at han var den einaste i gjengen som fekk sleppa inn på den overfylte konserten. Difor vedgjekk han då også meir enn gjerne at han kjende seg skjelven etter at fylkesvaraordførar Tom-Chris-

ter Nilsen hadde ropt han opp for å motta prisen. I tillegg til 25.000 fylkeskommunale kroner, omfattar prisen også eit innrâma trykk av Mari Slaattelid sin Vossa Jazz-plakat. Prisen skal gå til den freelance jazzmusikaren i fylket som har gjort seg særleg fortent i ferstivalåret som har gått. 32 år gamle Møster har alt ein lang og omfattande CV. Han har hatt namn som Karl Seglem og Jon Pål Inderberg som lærarar, og han er eit særdeles viktig medlem i band som The Core, Ultralyd og ei lang rekkje

andre. Særskilt nemnt, og av nyare dato, vart engasjementet i Datarock. Seinare på natt gjorde Møster det han var lokka til Voss for. Saman med trompetar Sjur Miljeteig, gav han supergruppa Real Ones ein skikkeleg trøkk i ryggen på deira fabelaktige nattkonsert i Vossasalen.



FOLK: Folketonar frå Noreg vart lagt oppå folketonar frå både Afrika og Asia – og borna utførte det i perfekt samspel.



ELEFANT: Bassist Ola Høyser makta mana fram elefantar på Mølstertunet ved å spela på kontrabassen sin. FOTO: Torunn Todal Laberg

Full klaff på alle vis

Billettinntektene har vore gode, publikum har strøymd til og musikarane har levert varene.

Årets festival utfordra kvinnene i jazzten til å ta eit ekstra steg fram. Vossa Jazz har samarbeidd med Rikskonsertane om Solveig Slettahjell sitt tingingsverk. Konserten vart ein publikumssuksess og ein kunstnarleg suksess for ein festival som satsar hardt på ein nyskapande profil.

Diverre var det ikkje plassar nok til alle som ville høyra tingingsverket.

– Det var synd der og då, men det er også teikn på at noko har slått til, seier styreleiar Magne Kalstad.

Økonomi

– Me har aldri stogga billettisalet i døra før, men det måtte me altså laurdag kveld. Det var fullt, sa Magne Kalstad.

– Billettsalet er omtrent på høgde med i fjor, pluss/minus 50.000. Då snakkar me om 1,3-1,4 millionar i omsetning på billett.

Festivalen har funne si form, og økonomien er for lengst friskmeld.

– Me må ha litt plussøkonomi heile vegen, så kan me dra til litt når det er noko ut over standard produksjon, seier Trude Storheim.

Musikk til folket

Ekstremjazzten var eit stort og kostnadskrevjande prosjekt, men publikum fekk opplevinga gratis.

– Det er viktig å spreia musikk av ikkje-kommersiell art, slik at alle får høve til å oppleva kultur som ikkje er heilt daglegdags, seier Storheim.

Streng kostnadskontroll samstundes med nyskaping og breitt program, er ikkje enkel balansekunst.

– Utfordringa med nyskapande prosjekt er at dei er så dyre. Nyskaping er inspirerende, men krevjande, seier Storheim, som har hatt nokre rundar med kva som er kunstnarleg ynskjeleg og kva som er praktisk og økonomisk mogeleg. Her er det dugnadsinnsatsen kjem inn, og lyfter kvaliteten langt høgare enn budsjettet skulle tilseia.

– Samarbeid er stikkordet for at me har klart å løfta festivalen til det fantastiske nivået som har vore i år, seier dagleg leiar Trude Storheim.

ANNE RIVENES | tekst og foto
ar@avisa-hordaland.no

on

over 20 000. Førestillinga i Vossasalen sundag var basert på musikk, song og dans frå aktørane sine heimland, blanda med norsk folkemusikk – og born og unge frå Voss og det lokale fleirkulturelle miljøet var med på laget.

Prosjektet er eit samarbeid mellom «Fargespill» ved musiker Ole Hamre, vokalist Sissel Saue og koreograf Hilde Sol Erdal, Vossa

Jazz, det lokale musikkmiljøet og det lokale fleirkulturelle miljøet. Hamre, Saue og Erdal har i vinter reist til Voss og Bulken i fleire omgangar, for å øva med dei lokale ressursane – OG FOR NOKRE RESSURSAR ME HAR!

FØRESTILLINGA OPNA med songstrofene «Festen som me har venta på har byrja, så ver velkomne hit i dag»,

og held fram med ein serie av høgdepunkt – både rytmisk, fargerikt, musikalsk og ikkje minst symbolsk sett. Og at borna på scena makta røra noko i publikum var heilt tydeleg, for heilt i starten av konserten braut ei ung mor på fremste rad ut: «Korleis skal dette gå, når eg sit her med tårer i augo alt no?».

«Fargespill – fleire fargar på Voss» var vellukka frå start til slutt, og de-

monstrerte for oss korleis alle med ei kjensle av fellesskap og tilhøyre kan møtast gjennom musikken – og at resultatet vert meir fargerikt og eksplosivt og vakkert enn det finst adjektiv for i ordboka.

TORUNN TODAL LABERG | tekst
VIDAR HERRE | foto